



Styret i indremisjonen ved 75-årsjubileet for bedehuset består av John Harald Kjærland, Jan Tvedt, Aud I. Haugland, Inger Anne Leite og Tormod Myklebust. Myklebust var ikkje på jubileumsfesten og er ikkje med på biletet fordi han no er med på ei hjelpesending til Ukraina.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Ikkje minst som resultat av at det nyleg er lagt ned 1.000 dugnadstimar er Uskedalen Bedehus skuldfritt når det no rundar 75 år. Og innsamla pengar og ein god basar har dekkja ekstra kostnader til fornying av toalett-avdelinga, tidsmessig kjøken og nytt sikringsskap.

Då jubileet vart markert for vel 30. frammøtte laurdag kveld retta leiari Jon Harald Kjærland ein stor takk til medlemmane og bygda som igjen har lyfta i lag for det som kveldens festtalar, tidlegare generalsekretær i Det Vestlandske Indremisjonsforbund Ole Abel Sveen karakteriserte som "i høgste grad eit misjonshus".

Det var 22. oktober i 1933 huset vart vigsla etter stor innsats av ein byggjekomite som hadde desse medlemmane: Åsmund Feet, Amund Myklebust, Johan Omvik, Bertel Myklebust og Ivar Arnesen. Salmon Sortland på Bremnes teikna bygget og byggmeister Johannes Wang bygde det. Mange gav pengar gjennom lange tider til nytt bedehus og mange var med på eit omfattande dugnadsarbeid også den gongen.

Seinare kom det innlagt vatn og tidleg på 1950-talet fekk dei trørgel som det framleis er liv i. I 1963/64 vart det bygd tilbygg for toalett og større garderobe og både på 1970- og 1980-talet vart det gjort mykje både ute og inne. Det kom peis i kjellaren, kjellarkjøkenet vart fornya, piano vart innkjøpt og loftsrommet forbedra. Det kom nye vindauge, ytterveggane vart isolerte og fekk ny bordkledning og det vart bygd ny plattform og kjøpt inn nye stolar. På 1990-talet kom høgtalaranlegget.

Leiaren slo fast at huset er flittig i bruk i dag. Ikkje minst er det mykje barnarbeid. Det er faste samlingar i laurdagsskule, småbarnstreff, hobbyklubben, konfirmantundervisning som held fram i haust, yngste- og unge røyster som har halde på sidan 1976, fredagsforum, mannslag, sundagsmøter, bønemøter kvar tysdag, møteveker for mange organisasjonar, basar og julefestar. Bedehuset var utleigd til skule på 1960-talet og det har vore

gudstenester, minnesamvær, husmorlagsmøter, skulemusikk-konsertar og fråhaldsmøter der. - Gjennom desse 75 åra har mange vore innom eller hatt sin åndelege heim her, sa Jon Harald Kjærland.

Etter at Margot Haugland hadde hatt velkomsthelsing med diktlesing var det song og tale ved Ole Abel Sveen, som er frå Sveio og som kom direkte frå 100-årsjubileum for eit bedehus på heimstaden.

Han mintes kva ein Kina-misjonær eingong streka under: Det er ikkje geografien som avgjer kvar ein driv misjon, men kvar det finst menneske.

- Ein treng ikkje å dra til Kina for å driva misjon, ein kan starta med borna sine og naboane.

Difor er bedehuset i høgste grad eit misjonshus, sa Sveen, som held fram at verda har mange religionar, men berre eitt evangelium.

- Berre Jesus fører til himmelen i denne fleirkulturelle tida, uttala han..

Av Ola Matti Mathisen



Ole Abel Sveen syng lovsong under 75-årsjubileet i bedehuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)